

Kjære alle heimane

Skulelivet går sin travle gang. Me registrerer at det snart er haustferie, sjølv om det kjennest som me nettopp sveiva i gang skuleåret. Me gleder oss over mykje fint vêr og god stemning, både i korridorar og klasserom – og, ikkje minst, på det nye og flotte uteleikeområdet vårt. Trivselsleiarane er i full gang med aktivitetar for små og store.

Tradisjonen tru, går me straks i gang med eit felles prosjekt for heile skulen. Dette gjer me anna kvart år, og dette året vil me fokusera på å gjera noko som får betydning ut over oss sjølve. Ein del av prosjektveka blir difor eit inntektsbringande arrangement, der inntekta skal gå til årets TV-aksjon, nemleg UNICEF sitt arbeid for born og unge. Utdanning er eit av UNICEF sine viktigaste fokusområde, både i krig og fred. TV-aksjonen i 2017 skal difor bidra med utdanning til born i Syria, Sør-Sudan, Mali, Pakistan, og Columbia. Me vil, gjennom prosjektperioden, leggja opp til at alle set seg godt inn i UNICEF sitt arbeid.

Me inviterer difor til open skule, med basar og loppemarknad

onsdag 18. oktober kl. 17.30 – 20.00.

Program:

Kafédrift i gymsalen v/ 6. og 7. klasse (kvar klasse har ansvar for å ha med 2 platekaker. Klassekontaktane organiserer dette).

Sal av diverse produkt som elevane har laga.

Ulike tombola-aktivitetar v/ungdomsskulen .

Utstilling av elevprodukt i samband med tema for prosjektet.

Underhaldning, basar og loppemarknad☺.

Det er 4. og 5. klasse som arrangerer loppemarknaden denne kvelden. Dei oppmodar alle om å gjera ein innsats for TV-aksjonen - også heime - ved å rydda og sjå om de finn noko som de ikkje treng lenger, men som andre kan ha glede av☺. Loppene må vera i god stand. Me er interesserte i bøker, leiker, spel, litt klede og sportsutstyr. Elevane kan ta med seg loppene på skulen alle dagar fram til tysdag 17. oktober.

Det er 8. klasse som har ansvar for basaren. Dette blir spennande, men me treng nokre vinstar. Me oppmodar difor alle elevane på skulen om å skaffa ein vinst til basaren. Vinstane kan leverast til kontaktlærar alle dagar fram til tysdag 17. oktober.

Me på skulen gler oss både til prosjektdagar og open skule, og håper på stor oppslutnad frå heimane og heile bygda!!!

Det er fint om klassekontaktane hjelper oss med å rydda når kvelden er omme☺